






ÅRSPLAN for hausten 2023

I det pedagogiske arbeidet ynskjer vi gjennom heile året å gje borna opplevingar og erfaringar som vekker tankar og forståing for at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. Berekraft skal difor vere ein del av alle tema vi jobbar med gjennom året. **Det som er merka med blått er aktivitetar saman med foreldre.**

JULI	AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
<p>HOVUDMÅL I JULI: SOMMAR I BARNEHAGEN OG BLI KJEND</p> <p>Tema; Kven er vi i Mork barnehage; skape glede og undring om området rundt barnehagen. Barnehagen er stengt i veke 28-29 og 30.</p>	<p>Gjennom ulike fellesskapsopplevingar i barnehagen og i nærmiljøet har vi som mål at alle barn skal bli kjend med dei andre barna og oppleve tilknytning og ein god relasjon til dei vaksne på avdelinga.</p> <p>I perioden har vi fokus på beredskap og er innom tema som ambulanse, politi, brannbil og livredning (førstehjelp) Veke 38 har vi brannvernøvingar</p>		<p>Vi har relasjonskartlegging og evaluerer saman med barna /, observasjon; korleis har vi det saman og kva treng vi for å få det betre? Vi legg til rette og planlegg saman med borna for leikeopplevingar inne og ute.</p> <p>Vi held fokus på å gi og få- å ta vare på kvarandre og naturen.</p> <p>I perioden markerer vi FN dagen, har FORUT- aksjon saman foreldre der vi fokuserer på barn i andre land og mangfald mellom menneske og i naturen.</p> <p>I midten av november og ut desember har vi fokus på juletradisjonar.</p> <p>Vi inviterar til felles luciafeiring ute og avdelingvis adventsfrukost i grua. I tillegg har vi julebord, pysjfest og Nissefest med gang rundt juletreet.</p>		 <p>med</p>
	 <p>ALLE: Felles songsamling i august og september: Svare på høyring haustferie i Vigilo FORELDREMØTE OG DIALOG KAFE 30.augus</p>		<p>FN dagen og FORUT aksjon 24.oktober kl. 15-16</p>  <p>ALLE: Felles Songsamling veke 42 DIALOG KAFE 26.oktober</p>	<p>Bakedag Tyttebærtua og Skogtrolla: onsdag 29.november Solsikka og Blåbærtua: torsdag 30.november</p>  <p>Svar på høyring om juleferie SU møte etter konstitueringa i TOK</p>	<p>Adventsfrukost ute i grua 7.30-9.00 Tyttebærtua måndag 4.desember Skogtrolla tysdag 5.desember Blåbærtua torsdag 7.desember Solsikka fredag 8.desember Julebord 6.desember Luciamarkering ute klokka 9-10 13.desember Nissefest 15.desember Pysjfest 18.desember</p>

ÅRSPLAN for våren 2023

I det pedagogiske arbeidet ynskjer vi gjennom heile året å gje borna opplevingar og erfaringar som vekker tankar og forståing for at handlingar i dag har konsekvensar for framtida. Berekraft skal difor vere ein del av alle tema vi jobbar med gjennom året. **Det som er merka med blått er aktivitetar saman med foreldre.**

JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI
<p>Vi vil i perioden halde eit ekstra fokus på likeverd, demokrati og mangfald. Dette gjer vi gjennom å nytte leiken og fagområda til å skape opplevingar knytt opp mot markering av vår urbefolkning samane, feiring av Norge sin nasjonaldag 17.mai og av muslimsk Ramadan. I slutten av mars har vi fokus på påske og kjem då naturleg inn på filosofiske spørsmål som liv og død, sorg og glede, hat og kjærleik. Vi møter borna i undring og filosoferer kring dei ulike livsfenomena. Saman med foreldre har vi markering av internasjonal barnehagedag i mars, dugnad i mai og sommarfest før vi går ut i ferie.</p>					
<p>Felles songsamling veke 2</p>  <p>SU møte 19-20 Dialog-kafe 20-21 11.januar</p>	<p>Markering av Samenes nasjonaldag 06.02</p>  <p>Karneval og felles songsamling 16.februar Svare på høyring vedr. påskeferie</p>	<p>Barnehagefest og markering av internasjonal barnehagedag tysdag 12.mars</p> <p>Påske 25-1.april bhg. Stengt</p> <p>Felles påskesamling veke 12</p> <p>SU møte 21.mars</p> <p>Planleggingsdag 1.mars;bhg.stengt.</p>	<p>Markering av ID AL veke 15</p>  <p>Svare på høyring vedr. sommarferien</p> <p>Dialog-kafe 17.april</p>	<p>Markering av 17.mai den 16.mai; vi øver på å gå i tog.</p> <p>Tog i Volda på 17.mai under fane til Mork barnehage</p>  <p>Måndag 6.mai: DUGNAD 17.00-19.00</p> <p>Planleggingsdag 10.mai; Bhg.stengt</p>	<p>Markering av Pride.</p>  <p>Felles songsamling i veke</p> <p>Sommarfest saman med foreldre 11.juni</p> <p>Bli kjent veke</p>

Fokusområde BEREKRAFT

Mork barnehage har siste åra arbeida opp mot begrepet identitet som handlar om å styrke sjølvkjensle og trua på kven vi er som menneske; kven er eg, kvar høyrer eg til og kven er vi i fellesskap. Dette handlar om livsmestring- å skape ein grobotn i barn om at ein er god nok og verdifull for kven ein er. Gjennom arbeid med omgrepet mangfald arbeidar vi for å etablere gode haldningar opp mot inkludering og solidaritet. Dette igjen handlar om å skape berekraftige menneske.

«Berekraftig utvikling handlar om at menneske som lever i dag, får dekt dei grunnleggjande behova sine utan å øydeleggje framtidige generasjonar sin sjanse til å få dekt sine behov. Det handlar om å tenkje og handle lokalt, nasjonalt og globalt. Barnehagen skal bidra til at barna kan forstå at handlingar i dag har konsekvensar for framtida,

RAMMEPLANEN SEIER: "Barnehagen skal leggje grunnlag for barna si evne til å tenkje kritisk, handle etisk og vise solidaritet. Barna skal få erfaring med å gi omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen. Barna skal få naturopplevingar og bli kjende med mangfaldet i naturen, og barnehagen skal bidra til at barna opplever tilhørslse til naturen.»

Ut ifrå Volda kommune sine 7 vedtatt berekraftsmål vil vi i Mork barnehage arbeide særskilt med 2 berekraftsmål i det pedagogiske arbeidet med borna.

God helse og livskvalitet. Alle har ein rett til ei kjensle av (Arne Holte)

- Identitet og sjølvrespekt: Kjensla av at du er nokon og har verdi.
- Mening i livet: Kjensla av at du er ein del av noko som er større enn deg sjølv og at det er nokon som treng deg.
- Mestring: Kjensla av at du meistrar noko, at det er eit eller anna du får til.
- Å høyre til: Kjensla av at du høyrer til nokon og høyrer heime ein stad.
- Tryggleik: Kjensla at du oftast kan tenke, føle og utfalde deg utan å være redd.
- Deltaking og involvering: Kjensla av at det spelar ei rolle for nokon andre kva du gjer eller ikkje gjer.
- Fellesskap: Kjensla av at du har nokon som du kan dele tankar, kjensler og erfaringar med, nokon som kjenner deg, som bryr seg om deg og som du veit vil passe på en når det trengs. Du er ikkje åleine.



Utdanning

Norge skal ha et utdanningssystem som bidrar til berekraftig utvikling lokalt og globalt. Mork barnehage vil gjere dette gjennom å utvikle barn si kompetanse på området slik at dei kan bidra til bærekraftig utvikling i natur og samfunn.

Vi arbeider ut ifrå dei etter dei 4 grunnpilarane;

a) Økologi som handlar om natur og miljøvern;

- å utøve omsorg over for fuglar og dyr,
- rydde søppel og plast i naturen og
- grunnleggande opplæring i kildesortering.

Mork barnehage vil gje borna positive opplevingar i naturen. Målet er at barna gjennom slike opplevingar får kunnskap og tilknytning til naturen slik at dei ynskjer å utøve omsorg for naturen.

b) Økonomi som handlar om gjenbruk og resirkulering.

Mork barnehage vil halde fokus på

- innkjøp av norsk mat, lage mat «frå grunnen av», og dyrke sjølve.
- innkjøp av leiker og formingsmateriell som er miljøvenleg

c) Sosial og kulturell berekraft som handlar om å ivareta alle menneske i eit inkluderande fellesskap

- Å vise solidaritet og ikkje berre å tenke på egne behov.
- Å medvirke til å ta avgjerdsler og oppleve å bli tatt på alvor. Dette for å lære seg å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen.(FN konvensjonen om barns rettigheter 1991)
- Å vere den ein er- vi alle er unike og like mykje verd. Identitet.

Mork barnehage vil arbeide for solidaritet med andre menneske. Vi held fokus på mangfald og det å dele godene våre med andre.

d) Politikk handlar om eit godt styresett og vaksne som er gode rollemodellar.

Vi må lære borna og uttrykkje sine meiningar og lære at val vi tek/ ting vi seier, kan ha betydning for andre eller det som skjer vidare i framtida.

Utviklingsarbeid i barnehagen:

- ✓ Vi ynskjer å arbeide vidare med **Alternativ Språkleg Kommunikasjon (ASK)** Bruk av symbol, konkretar og teikn til tale er noko vi ynskjer å bli betre på i vår kommunikasjon.
- a) Vi ynskjer arbeide ut ein felles standard og beste praksis for alle avdelingar. Vi vil arbeide med aksjonslæring og etter **GLL (Gjort- Lært-Lurt)** metoden der personalet sjølv planlegg sine aksjonar, gjennomfører før ein evaluerer og tek med seg ny lærdom inn i praksis.
- ✓ Vi ynskjer dette året å fokusere vidare på **LEIKEN** og skape kvardagar for borna prega av leik, glede og ansvar- som er Mork barnehage sine kjerneord.

